

OPPLYSNINGSPLIKT

Når du har plikt til å gi frå deg opplysningar som i utgangspunktet er teiepliktbelagt. Lovverket har regler om når du er forplikta til å gi melding av eiga tiltak og regler om når du er forplikta til å gi opplysningar på førespurnad.



Oppmerksomhetsplikt

Helsepersonell-loven § 33

Den som ytt helsehjelp, skal i sitt arbeid vere merksam på forhold som kan føre til tiltak frå barneverntenesta.

Meldeplikt til barnevernet

Barnevernloven §6-4, helsepersonell-loven §33, opplæringsloven §15-3, barnehageloven §22:

Meldeplikt utan hinder av teieplikt.

Det skal vere grunn til å tru, enten

- ✚ At eit barn vert mishandla i heimen
- ✚ At det føreligg andre former for alvorleg omsorgssvikt
- ✚ At eit barn ikkje får nødvendig behandling
- ✚ At det er fare for utnytting av eit barn til menneskehandel eller
- ✚ Når eit barn har vist vedvarande alvorlege åtferdsvanskar.

Du treng såleis ikkje vite eller vere sikker, før du gjev opplysningar. Opplysningar skal gjevast av eige tiltak utan hinder av teieplikta.

Innhaldet i plikta er relativt likt i det ulike særlovene for barnevern, skule, helse og barnehage.

Meldeplikta er eit **personleg** ansvar.

- ✚ Alle verksamheiter bør ha rutinar om korleis ein melder
- ✚ Barnevernet tek imot anonyme meldingar

- + Bekymringar du har på bakgrunn av jobben du har, kan du ikkje melde anonymt
- + Er du i tvil om det du er bekymra for er alvorleg nok- drøft anonymt med barnevernet fyrst.

Tilvising/meldeskjema til barnevernet ligg under «*Kva ansvar og plikter har du som arbeider med barn og unge i Luster kommune*».

Kva om det du er bekymra for ikkje er alvorleg nok, men du trur at familien vil ha god nytte av bistand frå barnevernet?

- + Informer om at barnevernet kan ha tiltak som kan hjelpe familien
- + Be om samtykke til å kontakte barnevernet
- + Gi foreldra informasjon om korleis dei sjølv kan kontakte barnevernet

Kjelde: Barnevernl. § 6-4, helsepersonell. § 33, opplæringsl § 15-3, barnehagel § 22, barnevernvakten.no:
<https://barnevernvakten.no/>

Helsepersonell opplysningsplikt

- + Gravide rusmisbrukarar- helsepersonelloven § 31
 - o Grunn til å tru at ei gravid kvinne misbruker rusmidlar på ein slik måte at det er overveiende sannsynleg at barnet vil bli født med skade.
 - o Gi opplysingar til helse- og omsorgstenesta av eiga tiltak:

Utan hinder av teieplikta skal barneverntenesta av eiga tiltak gi opplysningar til helse- og omsorgstenesta i kommunen når det er grunn til å tru at ei gravid kvinne misbrukar rusmidlar på ein slik måte at det er overveiende sannsynleg at barnet vil bli født med skade.

Kjelde:

Helepersonelloven § 31, Barnevernloven § 6-7 tredje ledd

Rundskrivet Barnevernet og taushetsplikten, opplysningsrett og opplysningsplikten:

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/rus/2005/0002/ddd/pdfv/243383-q-24_rundskriv_taushetsplikt.pdf

Meldeplikt til NAV

§ 15-4. Opplysningsplikta til sosialtenesta

Personalet i skulane skal etter denne lova i klientsaker gi råd og rettleiing til sosialtenesta. Personalet skal vere på vakt overfor forhold som bør føre til tiltak frå sosialtenesta, og skal av eige tiltak gi sosialtenesta opplysingar om slike forhold. Av eige tiltak kan opplysingar

berre givast med samtykke frå eleven, eventuelt frå foreldra, eller så langt opplysingane elles kan givast utan hinder av teieplikta.

NAV- Sosialtjenesteloven

§ 1. Loven sitt formål

«Formålet med loven er å betre levekåra for dei som har det vanskeleg, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, medrekna at den enkelte for moglegheit til å leve og bu sjølvstendig, og fremme overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet».

«Loven skal bidra til at utsette barn og unge og deira familiar får eit heilskapleg og samordna tenestetilbod».

Kjelde: Sosialtjenesteloven § 1: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-12-18-131>

«Kommunen si» opplysningsplikt

§ 10-3. Tilbakeholdelse av gravide rusmiddelavhengige:

- Når fylkesnemnda har fatta vedtak etter fyrste ledd og kvinna er tatt inn på institusjon, skal kommunen utan hinder av teieplikt gi barneverntenesta melding om dette.
- Meldinga skal omfatte opplysingar om kven kvinna er, den vurderinga av rusavhengighet og fare for skade på barnet som lå til grunn for vedtaket, forventa termin og kva institusjon kvinna er tatt inn på.
- Tilsvarende gjeld når kommunen har treft midlertidig vedtak etter femte ledd, og vedtaket er godkjent av fylkesnemnda etter barnevernloven § 7-22 fyrste ledd.

Kjelde: Helse- og omsorgstenesteloven § 10-3: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30/KAPITTEL_10#KAPITTEL_10

Opplysingar på førespurnad

Plikt til å gi opplysingar barnevernet treng i si saksbehandling.

- ✚ Hovudregel- barneverntenesta må legge fram samtykke
- ✚ Ikkje krav om samtykke i dei alvorlege sakene

Berre plikt til å utlevere opplysingar som er **relevante** for å belyse dei sakene og situasjonane som plikta er knytt til.

- ✚ Barneverntenesta må derfor konkretisera kva dei ynskjer å få belyst

- + Barneverntenesta bør seie kva type sak dei ynskjer å få belyst når dei innhentar opplysingar
- + Det er avgivar av opplysingane som må vurderer kva opplysingar som er relevante ut i frå den informasjon barneverntenesta har gitt
- + Barnevernet må oppgi heimel i barnevernloven § 6-4

Kjelde:

-Barnevernloven § 6-4 og bestemmelser i de forskjellige særlovene.

-Sjå m.a. opplæringsloven § 15-3: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_17#§15-3

-Rundskrivet «Barnevernet og taushetsplikten, opplysningsplikten og opplysningsretten»

s 30. : https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/rus/2005/0002/ddd/pdfv/243383-q-24_rundskriv_taushetsplikt.pdf

Barnevernet si plikt

Bvl § 6-7 a. Tilbakemelding til melder

Barnevernet må vurderer **alle** meldingar som kjem inn til barneverntenesta så raskt som mogleg.

- + Vurdere bekymringsmeldinga snarast mogleg og seinast **innan 1 veke**
- + Plikt til å gi offentleg melder **tilbakemelding** innan 3 veker om at meldinga er motteke
- + Barneverntenesta plikter å gi offentleg melder tilbakemelding om meldinga vert lagt vekk eller om den går til undersøking

Avvergeplikt strl §§ 196 og 284

Det er straffbart for kvar og ein å ikkje melde eller forsøke å hindra visse typar alvorlege straffbare handlingar.

Avvergeplikta gjeld alvorlege brotsverk som m.a.:

- + Seksuelle overgrep
- + Grov vald, mishandling inkl. kjønnslemlestelse
- + Gjentakande truslar og tvang
- + Vald i nære relasjonar
- + Gjentakande fridomsrøving
- + Andre krenkingar i nære relasjonar

Plikta vert satt i verk når det framstår som

- + Sikkert eller mest sannsynleg at handlinga vil bli gjort, og
- + Når ein ennå kan hindra følgene av handlinga

Avvergeplikta går før lovpålagt teieplikt og gjeld alle og til ein kvar tid- uavhengig om vi har på oss jobbhaten eller privathatten. Før du gir teiepliktbelaagt opplysingar til politiet, bør du likevel vurderer om det er nødvendig for at politiet skal kunne hindra handlinga eller avgrense skadeomfanget.

Det skal mykje til før ein vert dømt for brot på teieplikta viss ein oppriktig meiner at det føreligg akutt fare.

Kjelde: Straffeloven § 196 og § 284: https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-05-20-28/KAPITTEL_2-5#§185

Opplysingar frå andre

Lærarar, rådgjevarar, foreldre, pårørande og andre som kjem med opplysingar dei meiner de burde ha. Er det berre å seie ja takk og notere så blekket sprutar? (so lenge du ikkje røper noko tilbake)

- ✚ Formålsbegrensingen- berre det som er relevant og nødvendig
- ✚ Minne andre på at dei kan ha teieplikt
- ✚ Spørje om eleven veit om telefonsamtalen/samtalen
- ✚ Påpeike at du ikkje kan garantera anonymitet, og at eleven som hovudregel har rett til innsyn i opplysingane.
- ✚ Journalføring- relevante og nødvendig om pasienten og helsehjelpa
- ✚ Notatplikt etter forvaltingsloven

Sist oppdatert juli, 2019